

Gjevarteneste

I Samnanger sokn har me tre faste gjevartenester:

TRUSOPPLÆRING (TO) – Kontonr: 3562.07.01910

Kyrkjelyden skal tilby TO-tiltak for alle døypte barn og unge. TO-planen vår er godkjend, men enno jobbar ein med å utvida aktiviteten for å femna heile aldersspennet 0-18 år.



Babysong, småbarnstrall, 4- og 6-årsbok, Noa-dag, påskeverkstad, hausttakkefest (biletet), Tårnagenthelg, bibelutdeling, Kompis, Lys Vaken, konfirmantarbeid og anna ungdomsarbeid, mellom anna LUP – LeiarUtviklingsProgram for ungdom og Reunion for eks-konfirmantar, er noko av det som er med i planen.

Gåvene gjer det mogleg å ha fast tilsette i TO-arbeidet:

Det er tilsett 50% barnearbeidar, ungdomsarbeidar i 20%, og ei 20% stilling med hovudansvar for matlaging på Kompis og nokre andre tiltak.

Utan gåvene er det ikkje mogleg å oppretthalda stillingane i dette omfanget.

Under bispevisitasen i 2017 gav biskop Halvor Nordhaug uttrykk for at han var imponert over at ein så liten kyrkjelyd som Samnanger hadde eit så breidt og femnande TO-arbeid! Det var ei gledeleg tilbakemelding å få, og fortel oss at sjølv om ein er liten, kan ein vera «god som gull». Dette er sjølv sagt også mykje takka vere dykk som har syn for saka og gjev med eit glad hjarta!

HAGA KYRKJE – Kontonr: 3562.71.03172

Soknerådet er også svært takksame for dei av dykk som har halde fram med fast gjevarteneste til Haga kyrkje, sjølv om det er lenge sidan kyrkja var ny! Sidan sist er følgjande vorte gjort for innsamla midlar:

I 2016 fekk me ordna ein sitjeplass for grilling bak huset, og i 2018 vart denne ferdig med benkar og bord i tre. Det vart også laga blomsterkassar ved enden av parkeringsplassen, som ein slags sperring, slik at borna ikkje kan springe rett ut i vegen der det er mest uoversiktleg.

I ungdomslokalet er det satt opp lydisolerande plater i taket for å dempe lyden når borna leikar der nede. (Sjå biletet).

Det er også kjøpt inn låsbare skap til dei frivillige medarbeidarane, slik at dei kan ha ting sine der når dei er på arrangement i kyrkja.



Gjervartenesta gjer det mogleg å planlegga litt oppussing/fornyng og små investeringar.

Gåvene kjem vel med!

SAMZAM – PROSJEKTET – Kontonr: 3530.21.38786

Skuleprosjektet vårt i Zambia gir no grunnskuleopplæring til rundt 200 elevar i førskule og 1.-7. steg i slumbydelen Kanyama i Lusaka. Skulen vert driven av lokale krefter. Det er tilsett 7 faglærte lærarar, 2 assistentar, samt rektor og rekneskapsførar i deltidspostar. Elevane følgjer det same pensum som offentleg grunnskule i Zambia, men har vekt på ei kristen oppseding og kristne verdiar.

November 2018 var ein milepæl for SFA, då den første 7.klassen vart uteksaminert med stor ståhei! 12 svært stolte elevar vart feira med avslutningsfestivitas med kapper og hattar, opptog gjennom Kanyama og levande korpsmusikk!



Fleire foreldre har kome og vil at barna deira skal få gå på den fine skulen. Det betyr nok at me må setja ei grense på inntak av elevar, og begynna å operera med venteliste. Framleis er det slik at dei får betala skulepengar når dei kan, og så mykje dei kan, og at ingen må slutta fordi om dei ikkje kan betala. Dette vil seia at mange barn som elles ikkje ville fått skulegang, no får det. Frå før er dei gjerne mellom dei mest sårbare, foreldreause barn som bur hos naboar eller slektningar som av nød prioriterer sine eigne barn når det skal betalast skulepengar.

Draumen er å etablera barne- og ungdomsskule, (primary 1-7, secondary 8-12) med gode tilhøve for både elevar og lærarar. Eit ad-hoc utval i Samnanger har sett på dette, og kome til at om det skal realiserast, lyt ein søkja om støtte hos td. Norad. Soknerådet vart bede om og har vedteke at SamZam-prosjektet kan skiljast ut som eiga foreining med eige styre som rapporterer til soknerådet. Dette skjer i 2019. Slik kan eit lite sennepsfrø verta eit stort tre!

Sommaren 2019 vert det høve til å vera med på ein tur til Zambia for dei som ønskjer å sjå prosjektet på nært hald, truleg i månadskiftet juni/juli.

Dykkar bidrag, om det er fadderskap eller andre gåver, er hovudgrunnen til at me kan drifta skulen. TAKK!

Elles har me ein generell konto som gjeld [kyrkjelydsarbeidet](#), og den har [kontonr: 3562.50.22043](#) og viss du vil gje ei gåve spesifikt til [Ådland kyrkje](#), har denne [kontonr: 3530.20.80664](#).

Hjarteleg takk til dykk som er med og støttar dei ulike føremåla! Det betyr svært mykje! «Gud elsker ein glad gjevar!» - 2.Kor. 9,7.